

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 26.05.16

Vår ref. 441 /16/BSI/5.7.1.3

Dykkar ref. 160020
Plan-id: 1263-201604

Og Arkitekter as
Postboks 24
5819 Bergen

E-mail
post@ogarkiteter.no

LINDÅS, RISØY – REGULERINGSPLAN 81/10, 11 OG 49 M.FL.

Viser til Dykkar brev av 29.04.16, med vedlegg, vedkomande ovannemnde sak.

Fiskarlaget Vest har sendt saka til Nordhordland Fiskarlag.

Generelle merknader

Generelt vil ein bemerke at område som blir nytta til fiskeri blir pressa frå mange ulike hald t.d.

- oppdrett (areal inkl. anker og utslepp av spillfôr/feces),
- vindmøller til sjøs,
- reguleringsplanar ut i sjø (friluftsområde i sjø, flytebyggjer, ankringsområde, m.m.),
- ankring/verksemd i sjø
- avlaups-/vassleidningar i sjø,
- kablar i sjø
- fritidsinteresser (båttrafikk, fritidsfiske).

I tillegg vil ein peike på at fiskarar får klage frå hytteeigarar når ein fiskar i sjøområdet utanfor hyttene om natta.

Mange meiner at eitt lite enkelt prosjekt ikkje kan skade, men mange nok slike så tar ein bit for bit frå fiskeriinteressene.

I tillegg har ein m.a. reguleringar i fisket å halde seg etter.



Fiskarane skal tross alt leve av fisken dei får opp av sjøen, og det er derfor viktig av fiskeri-/gyteområda o.l. blir ivaretatt.

Ein vil gjere merksam på at kommunen har spesielt ansvar for å ivareta lokale og svake regionale fiskeriinteresser i slike samanhengar.

Fiskeridirektoratet ivaretar sterke regionale og nasjonale fiskeriinteresser i planprosessar.

Risøy

Fiskarlaget Vest viser til kart frå Fiskeridirektoratet si nettside som viser at det er registrert gyrefelt i, og ved, reguleringsområdet.

Ein vil gjere merksam på at kysten utgjer sjølve grunnlaget for norsk sjømatnæring. Våre viktigaste gyteområde, oppvekstområde, fiskeområde og all vår havbruksverksemd ligg her. Sjømatnæringa og Regjeringa har ein felles visjon om at Norge skal bli «verdens fremste sjømatnasjon». For å oppnå dette er ein heilt avhengig av et godt havmiljø med reine og produktive sjøområde, noko som er avgjerande for kvalitet, mattryggleik, omdøme og marknadsverdi for norsk sjømat.


Ein må dermed avgrense forureininga frå området.

Fiskarlaget Vest meiner i utgangspunktet at reguleringsgrensa bør gå i strandsona, forutan der ein har tenkt småbåthamn.

I og med at det er gytefelt i området, er det og stor sjanse for at det blir drive fiskeriverksemd i området. Ein må dermed få med i føresegnene, eller på anna vis, at det òg kan føregå fiskeriverksemd nattestid/tidleg om morgonen, jf. dei generelle merknadene i høve klage frå hytteeigarar i høve støy


Ein ber om å få saka til høyring når saka blir lagt ut til ny høyring.

Med helsing
Fiskarlaget Vest


Britt Sæle Instebo

Kopi; Nordhordland Fiskarlag
Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet region Vest

Lindås, Risøy



Målestokk: 1:24 085